
Arkivsak-dok. PLAN-22/00094-28
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval	Møtedato	Utvalsak
-------	----------	----------

Detaljreguleringsplan for utviding av Gjermundnes masseuttak

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av PBL § 12-12 godkjenner kommunestyret detaljreguleringsplan for utviding av Gjermundnes masseuttak, med plankart, føresegner og planbeskrivelse datert 03.12.22.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Gjeldande reguleringsplan for Gjermundnes masseuttak (Planid 0121) er utarbeidd i samarbeid mellom Gjermundnes Naturmurstein AS og Natursteinpartner AS som tiltakshavarar i 2013. Begge selskapa har i dag drift i området. Utvidinga er knytt til Gjermundnes Naturmurstein AS si verksemd.

Målet med endringa er i hovudsak å sikre plass for deponi av reine massar frå masseuttaket, opne for tilkomst til sjøen gjennom eksisterande passasje under E136 og etablere permanent sikring av bruddområdet i sør, samt legge til rette for annan industriell verksemd knytt til uttaket. I føresegnene er produksjon og bearbeiding av asfalt spesielt nemnt.

Forslagsstillar er Gjermundnes Naturmurstein AS og plankonsulent er Dr. ing. Erik Stabell Ludvigsen i Consilium AS. Planutvalet vedtok å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn den 28.09.22 og frist for merknader til planforslaget vart sett til 16.11.22. Det er mottatt 6 fråsegner til planforslaget, som alle er omtalt og kommentert nedanfor.

Vurdering

Direktoratet for mineralforvaltning ber om at det blir lagt inn ei føresegn om at deponi ikkje vil vere til hinder for attverande ressursar innafor registrert mineralførekomst. Dei peikar også på at det er misvisande at det i plankartet ikkje er samsvar mellom farge på formålsområdet for råstoffutvinning og symbolet i teiknforklaringa.

Kommunedirektøren viser til planbeskrivelsen s.13 under figur 8. Den planlagte utvidinga for deponi ligg i område der bergarten er skildra som udifferensiert folda gneis. Dei best eigna gneisane til murstein ligg såleis utanfor deponisona. Derfor er det vurdert at dei reviderte plandokumenta er dekkande og at

deponisona ikkje er til hinder for uttak av den mest eigna mineralførekomsten. Plankartet er elles retta opp slik at fargen på formålsområdet for råstoffutvinning i plankartet er i samsvar med fargen i teiknforklaringa

Molde og Romsdal Hamn IKS har ingen særskilte merknader til planforslaget.

Statens vegvesen viser til at passasje under E136 i aust må ta omsyn til at europavegen kan bli utvida og/eller flytta på lengre sikt. Før gjennomføring av slik passasje, må ein ha fått prosjektet godkjend av Statens vegvesen og det må ligge føre ein gjennomføringsavtale. I tillegg viser dei til at NYE Veier AS har fått ansvaret for planlegging og utbygging av E136 på strekninga Tresfjordbrua – Dombås. *Kommunedirektøren er kjend med at Statens vegvesen i 2002 laga planer (plan og profil) for ny E136 på strekninga Gjermundnesvegen og Pålgjerdet. I samband med planarbeidet for masseuttaket på Gjermundnes (vedtatt 2013) og kommuneplanens arealdel (2015) var det såleis naturleg å utfordre SVV om samordning mellom vegplan og masseuttak. SVV viste ikkje interesse for dette den gongen, men desto gledelegare at SVV no er observant på tilstanden for denne delen av «Eksportvegen». Kommunedirektøren viser elles til planbeskrivelsen pkt. 5.6 (side 24), der det går fram at passasjen under E136 er avhengig av avtale med Statens vegvesen. Nye Veier AS blir lagt til på adresselista.*

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser generelt til ansvaret for å ta omsyn til nasjonale og regionale interesser, nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn osv. *Kommunedirektøren viser til revidert planomtale og ROS-analyse, der m.a. vurderingar av naturfare er ivaretatt.*

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) rår frå eigengodkjenning av planen slik den låg føre ved høyringa, men sidan planen inneber små endringar frå eksisterande regulerings situasjon vel MRFK likevel ikkje å reise motsegn. Dei viktigaste merknadane kan oppsummerast slik:

- Tunnel under E136 til sjønært næringsareal er ikkje kartfesta som bindande planelement og er i strid med arealformålet (LNF). Planen bygg såleis inn eit behov for dispensasjon.
- Deponiområdet er vist som LNF-område, men medan ein deponerer vil denne aktiviteten vere i strid med arealformålet. Verken landbruk, natur eller friluftsliv kan skje før deponering er ferdig.
- Rår kommunen til å vurdere om ikkje reguleringsplanen skal ha reglar om til dømes driftstid/støyande verksemd av omsyn til naboane.
- Rår til føresegner for deponiområdet som sikrar at deponeringa skjer slik planomtalen skisserer
- MRFK saknar eit betre redaksjonelt oppsett av planomtalen, generelt ein meir detaljert planomtale og etterlyser m.a. omtale av at deponering allereie går føre seg innafor arealet som no skal inkluderast i reguleringa.

Kommunedirektøren har følgjande kommentar til merknadane frå MRFK:

- *Det er ikkje vurdert relevant med meir detaljering av tunnelen på noverande tidspunkt, sidan dette kan medføre behov for dispensasjonar uansett. Viser til kommentaren til SVV sin merknad, der det kan vere aktuelt med framtidig omlegging av E136 på staden. Tunnelen må dermed tilpassast ein framtidig situasjon og avtale med Statens vegvesen, der detaljane ikkje er kjent i dag. I føresegnene § 3 under rekkefølgebestemmelsar står det derfor at «Det vil kreves dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablere tunnelen.»*
- *Kommunedirektøren forstår problemstillinga MRFK tek opp om arealformålet for deponiet, men har likevel vald å bruke LNF, med tillegg av eit «bestemmelsesområde #1», der det i føresegner m.a. står at «arealet skal systematisk tilbakestillas og beplantas.»*
- *Når det gjeld reglar for driftstid/støyande verksemd, er dette ikkje ønskeleg frå bedrifta si side, sidan det no og då kan vere behov for arbeid utanom normal arbeidstid. Kommunedirektøren vurderer det som tilstrekkeleg at Forurensingsforskrifta set grense for utslepp av støy og støv. I*

tillegg er det relativt langt til næraste bustader og verksemda har fungert godt i mange år utan at behovet for slike reglar har vore aktuelt.

- *Føresegner for deponiet er innarbeidd i plandokumenta, jf. bestemmelsesområde #1*
- *Planomtalen kunne sikkert ha vore meir ideelt framstilt, meir detaljert og betre redaksjonelt sett opp. Kommunedirektøren vurderer likevel framlagte planforslag som godt nok for formålet, særleg sett i lys av det MRFK sjølv seier: at planen likevel inneber små endringar frå eksisterande reguleringsplan.*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SF) har i utgangspunktet reist motsegn mot planforslaget fordi dei meiner ROS-analysen er mangelfull. I tillegg har dei ein del andre merknader, som dei ønsker blir tekne omsyn til. Fråsegna frå SF kan oppsummerast slik:

- Reiser motsegn mot planforslaget fordi ROS-analysa er mangelfull og ikkje dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod inkludert havnivåstigning og bølgepåslag.
- Rår til at det vert gjort ei analyse av luktspreiing, med tanke på muleg framtidig etablering av asfaltverk.
- Rår til at det blir utarbeidd støyfagleg utgreiing, men pga at reguleringsendringa ikkje legg opp til auka støy i høve dagens aktivitet, fremmar ikkje SF motsegn til dette temaet.
- Føresegnene bør sikre istandsetting av landskapet etter brottuttaket.
- Strandsoneinteresser er ikkje nemnt, jf. lokalt viktig friluftsområde/fiskeplass ved sjøen.

Kommunedirektøren har følgjande kommentar til merknadane frå SF:

- *ROS-analysa er oppdatert og synleggjer vurderingane som ligg bak konklusjonen om tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod m.v. SF har på denne bakgrunn trekt motsegna.*
- *Kommunedirektøren vurderer rådet om lukttutgreiing som relevant, men vurderer det også som best at slik utgreiing blir gjort i samband med eventuell etablering av asfaltverk, når meir detaljerte føresetnader er kjent.*
- *Kommunedirektøren vurderer det som tilstrekkeleg at Forurensingsforskrifta set grense for utslepp av støy. I tillegg er det relativt langt til næraste bustader og verksemda har fungert godt i mange år utan at behovet for slike reglar har vore aktuelt. Den aktuelle utvidinga av planområdet, legg heller ikkje opp til auka støy i høve dagens aktivitet.*
- *Permanent sikring og istandsetting av deponiområdet er omtalt i planbeskrivelsen og føresegnene.*
- *Kommunedirektøren har ingen informasjon som tilseier at regulert område ved sjøen er eit mykje brukt friluftsområde. Planforslaget inneheld heller ingen endring av dette området. Kommunedirektøren legg likevel til grunn at t.d. fisking frå land kan føregå i sameksistens med regulert kaiområde, i likheit med t.d. frå eit ferjekaiområde.*

Oppsummering

Tiltaket må reknast som samfunnsnyttig, i det ein legg til rette for meir rasjonell drift (deponi) og utnytting av forekomsten, meir rasjonell distribusjon (transportband) og betre sikring av masseuttaket. Kommunedirektøren vurderer at planforslaget medfører små endringar i høve gjeldande plan for masseuttaket. Plandokumenta er i lys av dette gode nok, sjølv om det alltid er muleg med meir detaljering og omfattande beskrivelsar og utgreiingar. Endringar i plandokumenta, etter offentleg ettersyn, er mest av redaksjonell karakter og gir etter kommunedirektøren si vurdering ikkje grunnlag for nytt offentleg ettersyn. Motsegn er trekt og planforslaget klart for framlegging til endeleg vedtak.

Vedlegg

Detaljregulering Gjermundnes Masseuttak - Utviding/endring

Vedtak

annonse Gjermundnes masseuttak o e.docx

Europaveg 136 i Vestnes kommune - Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljregulering - Utviding
344309_1_1

Detaljregulering for Gjermundnes Masseuttak - Utviding - Offentleg ettersyn

4205027_1_1 347085_1_1

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for utviding av Gjermundnes masseuttak - fråsegn
ved offentlig ettersyn

Fråsegn til høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Gjermundnes masseuttak i Vestn
349356_1_1

Vestnes%20kommune%20-%20Detaljregulering%20for%20Gjermundnes%20masseuttak%20-
%20utviding%20Fr%C3%A5segn%20til%20h%C3%B8yring

Vedlegg_5_Risiko- og sårbarhetsanalyse_1.pdf

Vedlegg_5_Risiko- og sårbarhetsanalyse_1.pdf

PlanBeskrivelse_Utvidelse_Endringer med rødt.docx

Vestnes%20kommune%20-%20Detaljregulering%20for%20Gjermundnes%20Naturmurstein%20AS%20-
%20masseuttak%20-%20Trekking%20av%20motsegn

Detaljreg. Gjermundnes masseuttak - utviding - reviderte føresegner.docx

Detaljreg Utviding Gjermundnes masseuttak - revidert plankart.pdf

Særutskrift:

Etter adresseliste